

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
070/19	Formannskapet	PS	19.09.2019
061/19	Kommunestyret	PS	26.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	19/2064

Makebyte 1

Formannskapet - 070/19

FO - behandling:

Utkast frå ekstraordinær generalforsamling Lindås tomteselskap vart lagt fram i møtet:

Det vert vist til styret sine to utgreiingar for høvesvis makebyte 1 og makebyte 2.

Det generalforsamlinga skal ta stilling til, er om utkast til makebyteavtale 1 og utkast til makebyteavtale 2 skal godkjennast.

Generalforsamlinga skal då på vegne av Tomteselskapet vurdere om det er tilstrekkeleg verdibalanse i dei to makebyteavtalane. Som det går fram av styret sine utgreiingar for dei to makebyta, viser dei innhenta takstane at verdiane på makebyteobjekta balanserer kvarandre.

Frå Tomteselskapet si side er det ein klar føresetnad at dei makebyteobjekta selskapet skal motta frå kommunen, får endra planstatus. For makebyte 1 betyr det at arealet i Galtaråsen får endra planstatus til næring, for makebyte 2 betyr det at barnehagetomta i Alversund får endra planstatus til bustad. Elles vil Tomteselskapet ikkje ha noko nytte av areala.

Vi har presisert dette i ein eigen e-post til kommunen ved assisterande rådmann Hogne Haugsdal.

Vi har skrive følgjande:

«Viser til de to avtalene om makebytte. Begge vil behandles i ekstraordinær generalforsamling den 19.september med innstilling fra styret i Tomteselskapet om at begge avtalene blir godkjent.

Vi legger til grunn følgende forutsetning:

For begge makebyttene gjelder det at makebytteobjektene fra kommunen får endret planstatus til det formål og i det omfang som er lagt til grunn i takstene som er innhentet. Dette forbeholdet er presisert i avtaleteksten i avtale om makebytte 2, men det samme

gjelder for avtale om makebyte 1.»

Med dette vert generalforsamlinga invitert til å vedta følgjande

VEDTAK:

Dei fremlagde utkast til avtale om makebyte 1 og makebyte 2 vert godkjent.

Handsaming i formannskapet:

Framlegg frå S.Toft-V:

Kommunestyret vedtek at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås tomteselskap AS vert gjennomført for makebyte 1.

Det vert vist til sak 2 i generalforsaamling i Lindås tomteselskap AS i møte 19.09.2019.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Kommunestyret vedtek at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås tomteselskap AS vert gjennomført for makebyte 1.

Det vert vist til sak 2 i generalforsaamling i Lindås tomteselskap AS i møte 19.09.2019.

Kommunestyret - 061/19

KO - behandling:

Leidulv Brunborg stilte spørsmål ved habilitet som styremedlem i Lindås Tomteselskap AS, kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at L.Brunborg er inhabil i denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Kommunestyret vedtek at makebyte mellom Lindås kommune og Lindås tomteselskap AS vert gjennomført for makebyte 1.

Det vert vist til sak 2 i generalforsaamling i Lindås tomteselskap AS i møte 19.09.2019.

Saksopplysningar: